

Vågå fjellstyre
Postboks 16
2680 Vågåmo

Vågåmo, 24.01.94
Kontortlf. 61 23 70 40
Arkiv 212

A T T E S T

Det vitnast med dette at Kjell-Petter Ellingsbø Høijord, personnr. 120169 [redacted], adr. 2680 Vågåmo, har arbeidd som praktikkant/ sesongoppsyn for Vågå fjellstyre sommaren 1993 frå 20. juni og til ut august.

Praksisen har fordelt seg slik:

- Diverse arbeid på nyoppstarta kultiveringsanlegg for fjellaure med spesiell vekt på startforing
- Tilsyn med campingregulering/skilting
- Tilsyn verna område, medrekna Jotunheimen nasjonalpark, Vågå
- Guiding i naturstigen og nasjonalparken
- Prøvefisking (For opplegg ved justering av fiskereglane)
- Utsetjing av fisk i ei rekkje fjellvatn
- Stamfisking (Var med ei helg på stamfiske, stryking av rogn, desinfeksjon av rogn, nedlegging av rogn i klekkeriet og plukking av rogn)
- Fiskeoppsyn (2840 selde kort i 1993)
- Oppsyn i treningsfelt for fuglehundar, harehundar, elghundar + høgfjellsprøver for fuglehundar


Elles har Høijord teke del i mykje praktisk arbeid som tilligg fjelloppsynet, som t.d. tilsyn med renovasjonsordning i Sjudalen og tilsyn og drift av utleigehytter til fjellstyret.

Kjell-Petter E. Høijord har fått god innsikt i fjelloppsynets arbeidsområde.


Kjell-Petter E. Høijord har heile tida gjennomført arbeidet sitt på ein meget tilfredsstillande måte. Han arbeider lett, har gode prestasjonar og gjennomfører kvalitetsmessig framifrå arbeid. Han har god oppsynsmessig - og fagleg "teft", er innsatsviljug, omgjengeleg og ansavrsfull.

Det er med glede at vi gjev Kjell-Petter E. Høijord vår beste anbefaling!

For VÅGÅ FJELLSTYRE



Frode Damstuen
leiar



Bjørn Groven
fjelloppsynsmann